



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 22.11.2016
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 13:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingssjef	Administrasjon	Under sak 065/16
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	Under sak 065/16
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
062/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
063/2016	Godkjenning av møtebok
064/2016	Referatsaker
065/2016	Orienteringssaker
066/2016	Betaling for kommunale tenester 2017
067/2016	Budsjett og økonomiplan 2017 - 2020
068/2016	Busetting av flyktningar 2017

Notat frå møtet:

062/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

063/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

064/2016: Referatsaker

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Referatsaker vert tekne til orientering.

065/2016: Orienteringssaker

Behandling:

Driftskonsesjon for Otterstad sandtak

Rådmannen orienterte om fastsette vilkår i høve Modalen kommune sin tidlegare høyringsuttale til saka.

Avgrensa høyring - Todeilselva kraftverk i Modalen kommune

Rådmannen orienterte om at søknad er endra etter av synfaring av prosjektet i haust. Endra søknad er no sendt på avgrensa høyring til dei partar som tidlegare har uttala seg i saka. Kommunestyret hadde ikkje merknader til dette prosjektet i sin høyringsuttale under Ksak 029/2016. Rådmannen vil sende inn ein kort uttale frå kommunen i samsvar med tidlegare vedtak.

Skilt / fartsdumpar på Fv ved Mo skule

Kristin Nåmdal etterlyste oppfølging her. Rådmannen orienterte om kva oppfølging som teknisk sjef har gjort i saka ovanfor for Statens vegvesen.

Tiltak utbetring Fv 569 Romarheim -Mo

Kristin Nåmdal etterlyste oppfølging. Ordførar orienterte om synfaring med STV som vart gjennomført i veke 46. STV vil utarbeide ein rapport med forslag til tiltak som vil verte oversendt kommunen for nærmare prioritering.

Skytebane - søknad om tomt / andre planar for anlegg i regi av idrettslag/iModalen/Modøl

Administrasjonen orienterte kort om motteken søknad for tomt til skyttarhus og kva andre prosjekt som er drøfta i ulike lag/organisasjonar og som er "lufta" med administrasjonen.

Oppfølging: Ordførar inviterer inn ulike lag og organisasjonar til å presentere sine prosjekt/planar for formannskapet i første møte i januar.

Skjenkeløyve - søknad arrangement 1. juledag

Ass. rådmann orienterte om motteken søknad. Formannskapet drøfta prinsipielle sider ved saka.

Oppfølging: Formannskapet slutta seg til administrasjonen si vurdering av å gje avslag på søknader for dagar som 1. juledag og 1. påskedag.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

066/2016: Betaling for kommunale tenester 2017

Behandling:

Ass. rådmann Oddvin Neset orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak:

Satsar for kommunale tenester 2017 vert godkjent slik dei ligg føre i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2017»

067/2016: Budsjett og økonomiplan 2017 - 2020

Behandling:

Rådmannen orienterte om framlegg til diftsbudsjett / investeringar for 2017.

Ass. rådmann orienterte om behandling og vedtak av saka i: Råd for eldre og funksjonshemma , og Arbeids og miljøutvalet.

Samrøystes

Vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020 vert vedteke slik det ligg føre
 2. Liste over småinvesteringar i budsjettdokumentet vert godkjent og skal innarbeidast i talbudsjett og rammer for 2017
 3. Eigedomsskatt 2017
 - a. For eigedomsskatteåret 2017 vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - c. Eigedomsskatten for 2017 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
 4. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 300 000 for 2017. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.
-

068/2016: Busetting av flyktningar 2017

Behandling:

Ass. rådmann Oddvin Neset orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak:

Modalen kommune vil ta imot 5 flyktningar slik IMDi ber om i 2017, men må koma attende til konkret tidspunkt for mottak når bustadsituasjonen er avklart.

Ut frå tilgang på bustader og integrering i lokalmiljøet ønskjer Modalen kommune primært å busetje familiar, og ber IMDi ta omsyn til dette.

Rådmann får delegert mynde til å bestemme nårtid kommunen er klar til å gjennomføre busettinga.
